

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	02.11.2011	110/2012/000/800	Sverre Hollen, 71 25 80 57	02.01.2012

## **Høyring - Forslag til endringar i opplæringsloven, forskrifter til opplæringsloven og i fag- og timefordelinga - Organisering av skoleåret på Vg3**

### **Bakgrunn**

./. Høyringsnotatet frå Kunnskapsdepartementet er lagt ved.

Kvaliteten på elevane sin opplæring under og etter eksamensperioden er eit tema som stadig vert diskutert. Spesielt vert det hevda at mange elevar får fri når dei skulle hatt ordinær undervisning, og at samanfallande eksamensførebuing og russefeiring gjeng utover elevane sine faglege prestasjonar.

I tillegg kjem spørsmålet om elevane får oppfylt minstekrav om undervisningstimer i faga.

I dag er opplæringa delt slik at elevane får ordinær opplæring både før og etter eksamen. Det har vist seg spesielt utfordrande på tredje trinn i vidaregåande opplæring i dei studieførebuande utdanningsprogramma å gjennomføre ordinær opplæring i fag etter at standpunktcharakterane er satt og alle dei avsluttande eksamenar er gjennomført.

I dag vert undervisninga og eksamen gjennomført på 38 skoleveker, med eksamens- og undervisningsperiodar som grip inn i kvarandre på slutten av skoleåret. Dette gjer at planlegginga av skoleåret sin slutt blir komplisert. Mange av lærarane er og brukta i sensoroppdrag.

Skoleeigar har utfordingar med å oppfylle minste timetal for elevar i dei faga som avsluttar opplæringa med studiekompetanse. Dette kjem av at undervisninga i fag ikkje er avslutta før eksamensperioden. Tredje års elevar på studieførebuande utdanningsprogram ser det og lite motiverande å ha ordinær opplæring etter at avsluttande eksamen er gjennomført.

Med dette som bakgrunn har Kunnskapsdepartementet sendt ut til høyring forslag om endring av organisering av skoleåret for Vg3 studiespesialisering med desse endringane:

- Opplæringa vert delt i to periodar for elevar på vidaregåande opplæring tredje trinn, studieførebuande utdanningsprogram (Vg3), med ein periode for ordinær opplæring på 34 veker og ein periode med eksamen og førebuing til eksamen på 2 veker
- Ingen ordinær opplæring i eller etter eksamensperioden i fag på Vg3 studieførebuande utdanningsprogram.

- Det totale timetalet må gjennomførast på 36 veker. I dag vert timetalet gjennomført på 38 veker. Dei timane som tidlegare vart gjennomført etter eksamen må nå gjennomførast i løpet av dei 34 vekene før eksamensperioden startar.

## To modellar

Opplæringa etter gjeldande lov er delt inn i tre fasar – ordinær opplæring/undervisning (inkl. prøver og liknande.) gjennom skoleåret, førebuing før eksamen og sjølve eksamen. Før eksamen må standpunktakarakter vere sett.

I høyringsnotatet har departementet bedt om uttale på to gjennomføringsmodellar:

### Modell 1

Skoleåret vert delt i to separate delar med all undervisning gjennomført og avslutta før eksamensperioden. Dette gir 34 veker med undervisning.

Skriftleg eksamen etter 17.mai med seinaste oppstart 25.mai på grunn av fellessensuren som må vere ferdig rundt 20. juni.

Eksamensperioden blir lagt over 10 dagar (2 skoleveker).

§3-2 i forskrift til opplæringslova som fastset skoleåret til 38 veker må endrast fordi skoleåret etter denne modellen vert 36 veker.

### Modell 2

Skriftleg eksamen vert gjennomført før 17.mai, med ein eksamensperiode på om lag 2,5 veke. Munnleg eksamen vert gjennomført i perioden 8-18. juni.

Standpunktakarakter vert sett før eksamen, om lag rundt 25.april.

Første ordinære undervisningsperiode vert difor avslutta rundt 25.april.

Andre undervisningsperiode må bli gjennomført etter 17.mai og vere avslutta før munnleg eksamensperiode startar.

Undervisninga blir lagt over 34 veker med ein eksamensperiode på 2 veker.

Denne modellen krev også at §3-2 i forskrifta til opplæringslova blir endra.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Departementet legg i høyringsnotatet spesiell vekt på at ein får ei betre utnytting av skoleåret på studieførebuande utdanningsprogram ved at ein fastset ein dato for når ordinær opplæring skal være avslutta og så starte eksamsperioden etter denne datoens. Dette vil bety at ordinær opplæringsaktivitet ikkje går føre seg samtidig med eller etter gjennomføring av eksamen.

Ei deling av opplæringa i elevene sitt skoleår med all ordinær opplæring før eksamen, vil gi elevane fleire timer ordinær opplæring i fag før dei skal opp til eksamen. Det blir då ein meir effektiv utnytting av årstimetallet og det vert lagt betre til rette for at det totale årstimetallet faktisk blir oppfylt. Med modell 1 vil elevane være betre førebudd til eksamen fordi dei får fleire timer opplæring før eksamen og heller fri etter eksamen. Med modell 2 vil derimot elevane få kortare tid til å førebu seg til skriftleg eksamen enn i dag fordi opplæringa før eksamen vert avslutta knapt fire veker tidlegare enn det som er dagens ordning. Denne tida vil og være kortere sammenlikna med tida til førebuing etter modell 1.

Ved å dele opplæringa i elevene sitt skoleår etter modell 1 vil det kunne vere med å gi høgare kvalitet i opplæringa gjennom heile året fordi elevene får fleire timer før eksamen, og også ved å unngå lite motiverte elever som skal ha ordinær opplæring etter avsluttande eksamen. I modell 2 vil ein fortsatt få ein periode med ordinær opplæring etter skriftleg eksamen og etter at standpunktcharakterane er satt i mange fag.

## Fylkesrådmannen sin vurdering

Det at ein skil ordinær opplæring/undervisning frå eksamsperioden er positivt. Men å ha undervisning etter at standpunktcharakter i faga er sett er ikkje ei god ordning fordi ein ikkje kan endre vurderingsgrunnlaget for standpunktcharakteren i etterkant.

Begge modellane gir eit kortare skoleår, noko som gjer at ein må legge fleire timer inn i det "ordinære" undervisningsåret for å oppretthalde timetalet i faga.

Eit anna moment er at det ikkje berre er Vg3 studieførebuande program som ein må vurdere i høve til dei to modellane, men det vil og gjelde andre program som avsluttar tredje året med fag som fører fram til studiekompetanse. Det gjeld Vg3 Musikk, dans og drama, Vg3 Idrettsfag, Vg3 Medier og kommunikasjon, Vg3 Naturbruk (studieførebuande kurs) og Vg3 påbygging.

Modell 1 gir den beste strukturen på skoleåret. Skoleåret vert todelt – ein periode med opplæring og ein periode med gjennomføring av eksamen. Modellen bør bli gjort gjeldande for alle trinna på grunn av at elevar vel fag på tvers av trinn, t.d. avgangselevar på Vg3 som vel kurs i Vg2.

Modell 2 har den klare ulempen at ein på slutten av skoleåret får periodar med eksamen og undervisning. Sett ut frå eit russefeiringsperspektiv har denne modellen den fordelen at skriftleg eksamen er gjennomført før feiringa tek til. Men ein undervisningsperiode etter 17. mai med avslutting før munnleg eksamsperiode vil vere lite motiverande for elevane og truleg gi eit svakt læringsutbytte.

Begge modellane gir eit komprimert opplæringsår noko som gir eit auka undervisningstimetal på 2-3 veketimer. Mange av skolane våre har yrkesfaglege utdanningsprogram med 35 veketimer, og ei utviding av undervisningstimetalet på studieførebuande utdanningsprogram vil truleg ikkje få store konsekvensar for skoledagen sin ytre ramme og skoleskyss.

Men denne ordninga må og gjelde dei andre utdanningsprogramma som gir studiekompetanse. Dei har og sentralt gitte skriftlege eksamenar som på Vg3 Studiespesialisering. Vg3-tilboda innafor musikk, dans og drama, studiespesialisering med formgjeving og idrettsfag har allereie eit veketimetal på 35. Difor vil ei komprimering av opplæringsåret måtte bety at ein og må vurdere å ta i bruk skoleferiane til opplæring, t.d. haustferien.

Departementet peiker elles i sitt høyringsnotat på at lærarane ikkje vil ha ordinær undervisning i Vg3 studieførebuande utdanningsprogram etter ca. 23. mai, men må delta ved eksamen og eksamensførebuingar, være tilgjengeleg for eventuell klagebehandling og gjennomføre andre ikkje-undervisningsrelaterte oppgåver, noko som kan gjere det lettare å gjennomføre sensorarbeid.

### **Forslag til vedtak**

1. Møre og Romsdal fylkekommune støtter Kunnskapsdepartementet sitt forslag til organisering av skoleåret slik det går fram av modell 1.
2. Modell 1 må utvidast til å gjelde alle utdanningsprogramma som gir studiekompetanse – Vg3 Studiespesialisering, Vg3 Musikk, dans og drama, Vg3 Idrettsfag, Vg3 Naturbruk, Vg3 medier og kommunikasjon og Vg3 Påbygging til studiekompetanse. Ei slik utviding betyr at ein må vurdere bruken av dei avsette skoleferiane til opplæring, t.d. ved å ta i bruk haustferien til opplæring.
3. Modell 1 bør bli utvida til å omfatte alle tre årstrinn for å løye dei utfordringane som dei Vg3-elevane som vel programfag frå Vg2 kan få. At alle tre årstrinna kan bli omfatta av same ordning vil gi ein meir heilskapleg og oversiktleg skolekvardag.

Med helsing

Per Hoem  
fylkesutdanningssjef

Sverre Hollen  
ass.fylkesutdanningsdirektør

Fra: Gry Hansen [Gry.Hansen@mrfylke.no]

Sendt: 3. januar 2012 14:22

Til: Postmottak KD

Emne: Høyring - Organisering av skoleåret på Vg3

Vedlegg: Høyringsuttale om skoleåret sin organisering.doc

Vedlagt følgjer Møre og Romsdal sin høyringsuttale om organisering av skoleåret.

Høyringa vil bli behandla av fylkesutvalet og ein tek difor etterhald om uttalen sin ordlyd.

Møre og Romsdal fylkeskommune sitt forslag til høyring:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støtter Kunnskapsdepartementet sitt forslag til organisering av skoleåret slik det går fram av modell 1.

2. Modell 1 må utvidast til å gjelde alle utdanningsprogramma som gir studiekompetanse – Vg3 Studiespesialisering, Vg3 Musikk, dans og drama, Vg3 Idrettsfag, Vg3 Naturbruk, Vg3 medier og kommunikasjon og

Vg3 Påbygging til studiekompetanse. Ei slik utviding betyr at ein må vurdere bruken av dei avsette skoleferiane til opplæring, t.d. ved å ta i bruk haustferien til opplæring.

3. Modell 1 bør bli utvida til å omfatte alle tre årstrinn for å løyse dei utfordringane som dei Vg3-elevane som vel

programfag frå Vg2 kan få. At alle tre årstrinna kan bli omfatta av same ordning vil gi ein meir heilskapleg og oversiktleg skolekvardag.

Med vennlig hilsen

Gry Hansen

Rådgivar - Utdanningsavdelinga

Møre og Romsdal fylke

Fylkeshuset 6404 Molde

Telefon: (+47) 71 25 80 79

Mobil: 48 20 81 27

[gry.hansen@mrfylke.no](mailto:gry.hansen@mrfylke.no)

[www.mrfylke.no](http://www.mrfylke.no)